



DELÅRSRAPPORT

1. kvartal 2014

Voss, 29. april 2014
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00 fax. 56 51 27 47
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

DELÅRSRAPPORT 1. KVARTAL 2014

RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før skatt i 1. kvartal på kr. 9,3 mill. kr, mot 4,4 mill. kr i 1. kvartal i fjor. Resultatet tilsvarar 1,05% av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK), mot 0,52% i fjor. Etter skatt er kvartalsresultatet 6,8 mill. kr, mot 3,0 mill. kr i fjor. Dette tilsvarar 0,77% i år mot 0,36 i fjor av GFK.

Resultatauken i kvartalet kjem frå positiv vekst i netto renteinntekter, realiserte vinstar på obligasjonar og høgare provisjonsinntekter.

Banken har inngått avtale med Nets Holding AS om sal av banken sine aksjar i selskapet. Dette vil gje banken ein vinst på om lag 3,5 mill. kr som vil verta rekneskapsført når transaksjonen er gjennomført. Dette vil truleg skje i løpet av 2. kvartal – jfr. Børsmelding datert 24.03.14.

RENTEMARGIN

Renteinntektene i 1. kvartal syner ein stigande trend, og banken bokfører netto renteinntekter på 19,6 mill. kr, ein auke på 2,7 mill. kr i forhold til 1. kvartal i fjor. Rentemarginen i år er 2,23% mot 2,03% ved utgangen av 1. kvartal i fjor. Rentemarginen er om lag som budsjett.

INNETEKTER FRÅ VERDIPAPIR

Banken sine papir investert på Oslo Børs har i år hatt ei betre utvikling enn tilsvarande periode i fjor. Ved kvartalsskiftet har banken samla inntektsført netto utbytte og verdiendringar med 1,8 mill. kr, mot 0,4 mill. kr ved kvartalsskiftet i fjor.

Oslo børs hovudindeks (OBX) har i same periode hatt ein auke på 2,27%.

Banken si portefølje av obligasjonar og anleggsaksjar ført som finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal, har i 1. kvartal hatt ei negativ utvikling. I 1. kvartal har den hatt ein verdireduksjon på 0,5 mill. kr mot ein verdiauke på 1,8 mill. kr i 1. kvartal i fjor. Verdiendringane er ført over eigenkapitalen.

DRIFTSKOSTNADER

I 1. kvartal i år er driftskostnadane på 12,0 mill. kr som er omlag det same som for 1. kvartal i fjor. I % av GFK er driftskostnadane på 1,37% i år mot 1,44% i fjor. Driftskostnadane er i samsvar med budsjett.

TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

I 1. kvartal har banken kostnadsført tapsavsetjingar med 0,8 mill. kr mot 1,1 mill. kr i 1. kvartal i fjor. Det er ikkje konstatert tap i 1. kvartal i år.

Samla netto misleghaldne engasjement ved utgangen av kvartalet er på 29,1 mill. kr, mot 68,4 mill. kr ved utgangen av 1. kvartal i fjor. I % av brutto utlån utgjer dette 0,94% pr. 31.03.14, mot 2,38% pr. 31.01.13. For nærmare spesifikasjon sjå eigen tapsnote.

RÅDVELDEKAPITAL

I 1. kvartal er rådveldekapitalen auka med 95 mill. kr, eller 2,7 %, til 3.635 mill. kr.

Siste 12 månader er rådveldekapitalen auka med 320 mill. kr, eller 9,6%.

INNSKOT

I 1. kvartal er innskota auka med 56 mill. kr eller 2,4%, mot ein reduksjon i 1. kvartal i fjor på 4 mill. kr eller 0,2%.

Siste 12 månader er innskota auka med 179 mill. kr, eller 8,1%

Innskotsdekninga frå kundar held seg på eit høgt nivå, og var ved utgangen av kvartalet på 77,2% av brutto utlån, mot 77,4% på same tid i fjor.

UTLÅN

Banken opplever god vekst i utlån og bokfører i 1. kvartal ein auke i brutto utlån på 54 mill. kr (1,8%), mot ein auke på 27 mill. kr (1,03%) i 1. kvartal i fjor.

Ved kvartalsskiftet i år er brutto utlån til kundar på 3.121 mill. kr, mot 2.876 mill. kr ved kvartalsskiftet i fjor. Dette utgjer ein auke siste 12 månadane på 245 mill. kr eller 8,5%.

Banken har i 2014 formidla 15 mill. kr via Eika Boligkreditt. Banken har ved utgangen av 1. kvartal formidla totalt 45 mill. kr til Eika Boligkreditt.

LIKVIDITET

Banken sin likviditet er god. Banken har mange og små innskot, med berre eit fåtal kundar med saldo over 10 mill. kr. Av samla innskot på 2.408 mill. kr er samla innskot med saldo over 2 mill. kr (Bankenes Sikringsfond si garantigrense pr. kunde) 350 mill. kr eller 14,5%.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Netto ansvarleg kapital etter standardmetoden i Basel II reglane er 381,1 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 18,64%. Kjernekapitalen er samstundes 321,8 mill. kr, eller 15,74%. I høve til minimumskrava er overdekninga 217,5 mill. kr. Rein kjernekapitaldekning ved kvartalsskiftet er 14,03%.

REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

REKNESKAPSPRINSIPP

Banken sin delårsrekneskap er oppsett i samsvar med IFRS.

UTSIKTENE FOR 2014

Styret meiner at banken med sine solide tal og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken sine finansinntekter vil verta påverka av renteutviklinga i marknaden og utviklinga på aksjebørsane rundt om. Det har nyleg vore ein korreksjon av renter hjå fleire bankar, men det er ikkje venta større renteendringar ut året. Etter banken sin overgang som fullverdig medlem i Eika-Gruppen, forventar ein lågare relative innkjøpskostnader på både drift og finansiering. Dette vil styrka banken framover.

Kontaktpersonar: Banksjef Einar Larsen eller ass. banksjef Stig Gunnar Røthe tlf 56 52 35 00

RESULTATREKNESKAP

Alle tal i heile NOK 1.000

	31.03.14	31.03.13	31.12.13
Renteinntekter og liknande inntekter	39.266	35.896	150.798
Rentekostnader og liknande kostnader	19.624	18.970	76.853
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	19.642	16.926	73.945
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	238	32	1.108
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	1.494	956	5.511
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-832	-814	-3.232
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	1.576	356	482
Andre driftsinntekter	11	10	105
Sum andre inntekter	2.487	540	3.974
Sum netto inntekter	22.129	17.466	77.919
Personalkostnader	4.853	5.590	20.354
Administrasjonskostnader	4.134	3.473	13.344
Ordinære avskrivningar	1.730	1.627	6.599
Andre driftskostnader	1.315	1.329	4.197
Sum kostnader	12.032	12.019	44.494
Resultat før tap	10.097	5.447	33.425
Tap på utlån, garantiar m.v.	843	1.089	3.222
Nedskrivning/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	0	0	0
Netto tap og avskrivningar	843	1.089	3.222
Resultat før skatt	9.254	4.358	30.203
Skatt på ordinært resultat	2.489	1.313	7.411
Resultat før rekneskapsåret	6.765	3.045	22.792
Andre inntekter og kostnader			
Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal	-754	1.704	2.159
Endring utsett skatt finansielle eignelutar for sal	237	-355	-534
Sum andre postar	-517	1.349	1.625
Totalresultat	6.248	4.394	24.417
Resultat pr. aksje	71,21	32,05	239,92
Utvatna resultat pr. aksje	71,21	32,05	239,92

BALANSE

Alle tal i heile NOK 1.000

EIGNELUTAR

Kontantar og fordringar på sentralbankar	66.932	55.849	102.942
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	68.026	11.346	31.352
Netto utlån og fordringar på kundar	3.073.848	2.830.765	3.020.152
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	311.700	286.621	270.437
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	52.063	61.189	51.237
Immaterielle eignelutar	14.997	18.998	15.997
Finansielle derivat	595	418	514
Varige driftsmidlar	37.243	37.759	37.865
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	10.562	12.789	10.109

SUM EIGNELUTAR

3.635.967 3.315.734 3.540.605

GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	0
Innskot frå og gjeld til kundar	2.407.564	2.227.840	2.350.749
Obligasjons- og sertifikatgjeld	759.388	644.716	741.525
Finansielle derivat	674	643	674
Utsett skatt	2.294	2.767	2.531
Anna gjeld	19.656	14.463	15.791
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	22.950	21.608	9.552
Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	4.046	6.394	6.638
Ansvarleg lånekapital	85.000	85.000	85.000
Sum gjeld	3.301.573	3.003.431	3.212.460

EIGENKAPITAL

Innskoten eigenkapital

Aksjekapital (95 000 aksjar á kr. 100,-)	9.500	9.500	9.500
- Behaldning eigne aksjar	-19	-15	-19
Sum innskoten eigenkapital	9.481	9.485	9.481

Opptent eigenkapital

Annan eigenkapital	324.913	302.818	318.664
Sum opptent eigenkapital	324.913	302.818	318.664
Sum eigenkapital	334.394	312.303	328.145

SUM GJELD OG EIGENKAPITAL

3.635.967 3.315.734 3.540.605

Garantiansvar	102.433	51.353	75.746
Pantsetjingar	70.310	66.041	70.310
Eigenkapitaldekning	18,64 %	18,56 %	18,99 %
Gjennomsnittleg rådveldekapital	3.516.821	3.342.280	3.467.884

Voss, 29. april 2014

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



Jorunn Lødemel
Styreformann



Åse-Karin Tennebekk




Dagfinn Gjøstein



Stein Kvarekvål



Norvald Fretheim



Einar Larsen
banksjef

TAP PÅ UTLÅN

Bokførte tap

Endring i individuelle tapsnedskrivningar
 Endring i gruppevise nedskrivningar
 Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for
 Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive for
 Inngang på tidlegare avskrivne tap

Sum tap i perioden

Sum tap gjeld tap på utlån.

Alle tal i heile NOK 1.000

	31.03.14	31.03.13	31.12.13
	31.03.14	31.03.13	31.12.13
	850	1.000	534
	0	0	500
	0	100	2.078
	0	0	196
	-7	-11	-86
Sum tap i perioden	843	1.089	3.222

Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

Brutto misleghaldne lån
 Individuelle tapsnedskrivningar

Netto misleghaldne lån

Andre tapsmerka engasjement
 Individuelle tapsnedskrivningar
 Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån

Netto tapsutsette engasjement

	33.757	78.654	24.840
	4.569	10.191	2.503
Netto misleghaldne lån	29.188	68.463	22.337
	69.151	60.067	79.117
	24.471	18.465	25.687
Netto tapsutsette engasjement	44.680	41.602	53.430
	73.868	110.065	75.767

SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

Brutto utlån
 Individuelle nedskrivningar / spesifiserte avsetjingar
 Gruppevise nedskrivningar / uspesifiserte avsetjingar
 Netto utlån til kundar

	3.120.964	2.876.997	3.066.418
	-29.040	-28.656	-28.190
	-18.076	-17.576	-18.076
Netto utlån til kundar	3.073.848	2.830.765	3.020.152

KAPITALDEKNING

	31.03.14		31.03.13		31.12.13	
	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav
Lokale og regionale styresmakter	0	0	0	0	0	0
Institusjonar	25.365	2.029	18.264	1.461	32.014	2.561
Føretak	429.715	34.377	425.702	34.056	405.540	32.443
Massemarknad	0	0	0	0	0	0
Pantsikring i bustad og fritidseigedom	1.250.394	100.032	1.133.148	90.652	1.228.888	98.311
Forfalte engasjement	20.819	1.666	56.385	4.511	20.710	1.657
Obligasjonar med fortrinnsrett	5.541	443	5.531	442	5.522	442
Andelar i verdipapirfond	6.544	524	2.639	211	3.915	313
Andre engasjement	184.163	14.733	171.686	13.735	183.841	14.707
Sum kredittrisiko	1.922.541	153.803	1.813.355	145.068	1.880.430	150.434
Operasjonell risiko	139.562	11.165	135.137	10.811	135.137	10.811
Frådrag for gruppevise nedskrivningar	-18.076	-1.446	-17.576	-1.406	-18.076	-1.446
Frådrag for ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar	0	0	0	0	0	0
Samla kapitalkrav	2.044.027	163.523	1.930.916	154.473	1.997.491	159.799
Innbetalt aksjekapital	9.500		9.500		9.500	
- egne aksjar	-19		-15		-19	
Annan egenkapital	292.294		273.750		291.533	
Fondsobligasjonar	35.000		35.000		35.000	
- immaterielle eignelutar / utsett skattefordel	-14.997		-18.998		-15.997	
Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar	0		0		0	
Sum kjernekapital	321.778	15,74	299.237	15,50	320.017	16,02
Herav rein kjernekapital	286.778	14,03	264.237	13,68	285.017	14,27
Fond for urealiserte verdiendringar	9.308		9.195		9.308	
Innbetalt tidsavgrensa ansvarleg kapital	50.000		50.000		50.000	
Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar	0		0		0	
Sum tilleggskapital	59.308	2,90	59.195	3,07	59.308	2,97
Sum ansvarleg kapital	381.086	18,64	358.432	18,56	379.325	18,99

ENDRING I EIGENKAPITALEN

	31.03.14	31.03.13	31.12.13
Eigenkapital ved inngangen til året	328.145	308.050	308.050
Utbetalt utbytte førre år	0	0	-4.250
Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal	-517	1.349	1.625
Kjøp / sal egne aksjar	0	0	-72
Resultat i perioden	6.766	3.045	22.792
Eigenkapital ved periodeslutt	334.394	312.444	328.145

KONTANTSRAUMOPPSTILLING

	Alle tal i NOK 1 000		
	31.03.14	31.03.13	31.12.13
Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalningar	37 277	40 266	158 796
Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalningar	-7 694	-10 352	-80 436
Andre innbetalningar	864	436	2 504
Driftsutbetalningar	-8 455	-10 944	-36 596
Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap	0	11	86
Utbetalt utbytte	0	0	-4 275
Betalte skattar	-3 853	-6 963	-7 705
Tilført frå verksemda	18 139	12 454	32 374
Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar	-54 546	-25 514	-217 024
Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar	56 815	-10 563	112 346
Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	1
Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld	17 864	-66 860	29 947
Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar	401	-1 579	- 59
Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir	-41 972	-32 079	-8 578
Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar	0	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld	4 072	100	-4 250
Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital	0	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i egne aksjar	0	0	- 83
Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd	-17 366	-136 495	-87 701
Investert i varige driftsmidlar	- 109	- 105	-4 581
Investert i immatrielle eignelutar	0	0	0
Avgang varige driftsmidlar, til salssum	0	0	301
Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir	0	0	2 560
Netto kontantstraum frå investeringar	- 109	- 105	-1 720
Netto endring likvidar	664	-124 146	-57 047
Likviditetsbeholdning ved inngangen til året	134 294	191 341	191 341
Likviditetsbeholdning ved periodeslutt	134 958	67 195	134 294
Likviditetsbeholdning ved periodeslutt består av:			
Kontantar og fordringar på sentralbankar	66 932	55 849	102 942
Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid	68 026	11 346	31 352
Sum likviditetsbeholdning ved periodeslutt	134 958	67 195	134 294